

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Torill Slåke	98298302	2017/1525-3	«REF»	11.10.2017

DELEGERT DISPENSASJON OG DELINGSLØYVE - Delegert vedtak

Eigar/søkjar:	Kvinnherad kommune
Deling frå gnr/bnr:	95/27
Frådelte parsella skal nyttast til:	to fritidstomter
Kjøpar av parsellen:	Lundshagen Eiendom AS

Delegert vedtaksnr: 2017/465

Dispensasjon:

Med heimel i plan og bygningsloven § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå pbl § 1-8 – bygge/deleforbodet i strandsona, då det ikkje er sett byggjegrænse i Reguleringsplane for Lundshage/Lundsneset vedtatt 2010. Tiltaket kjem ikkje vesentleg i strid med føremålet i lova og dei interessene lova skal ivareta. Fordelane er større enn ulempene etter ei samla vurdering. Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) §§ 20-4 og 26-1 vert søknad journalført 05.05.2017 og tilhøyrande situasjonsplan og avtalar, godkjent.

Vilkår:

1. Før det kan byggjast på eigedommane må det vera søkt om tilknytning til offentleg vatn og kloakk.
2. Tilkomst til tomtane må løysast i samsvar med Statens Vegvesen sine retningslinjer når utbygginga av fylkesveg 48 er ferdig, jf. E-post dat. 07.04.2017.

Det haldast kart og delingsforretning.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyvet, og endringa må vera godkjent før det kan haldast delingsforretning.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og PBL § 1-9. Klagefristen er 3 veker frå motteke delingsløyve.

Grunnlag for løyvet

Dispensasjon: Søknad om dispensasjon frå pbl § 1-8 mottatt 05.05.2017. Deling av dei to tomtene er i tråd med arealføremålet og føresegnene i reguleringsplanen. Det er ikkje sett byggjegrænse

mot sjø, og det vert difor vurdert om tiltaka kan vera i strid med tiltaksforbodet pbl § 1-8. Fritidstomtene ligg i eit etablert byggeområde, og ved omlegging av fylkesvegen vil denne gå på baksida av tomtene.

Deling av desse tomtane vil ikkje vart vesentleg i strid med føremålet i lova.

Arealstatus: Den omsøkte arealbruken er i samsvar med reguleringsplan.

Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla. Det ligg ikkje føre protestar.

Tilkomst: jf. PBL § 27-4 –offentleg veg


Avløp: jf. PBL §27-2 – kommunalt nett

Vassforsyning: jf. PBL §27-1 – kommunalt nett

Dispensasjonsvedtaket vert sendt til Fylkesmannen for klagevurdering.

Merknader:

- Rekning for behandlingsgebyr ifølge vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til søkjar.



Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: www.dibk.no

For rådmannen i Kvinnherad

Torill Slåke
Sakshandsamar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:

Referatsak forvaltningskomiteen
Fylkesmannen i Hordaland
Lundshagen Eigedom AS